**DEN NORSKE KYRKJA**
Meland sokneråd

## *Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker*

**Møtedato:** 01.12.2016
**Møtetid:** kl. 18:30
**Møtestad:** Møteplassen

**Til stade:**
Regine Sagstad Berg, Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Brigt Roar Skeie, Andreas Westermoen, Ingunn Reigstad.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

**Innkalling, saksliste og sist møtebok:**
Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 03.11.16 vart godkjent.

**Meldingssaker:**

**Sak 000032 Felix og finansiering**
I sist møte, meldingssak nr. 28, vart det meldt at Felix-styret skulle kallast inn på AU-møtet. Det var ein konstruktiv samtale der om mål, budsjett med meir, men etter møtet har Felix-styret funne ut at dei kan utvide øvinga til 3 timar slik at dei kjem innanfor retningslinjene for kortkurs i folkehøgsskulen. Dei er no innstilt på å halde fram med denne ordninga.

**Sak 000033 NaMu-undersøking i januar**
AU går inn for å gjennomføre ei ny NaMu-undersøking i januar. Den siste vart gjennomført i oktober 2014 og det er på tide å skaffe seg eit oppdatert bilete av situasjonen.

**Sak 000034 Trusspråkkurs**
AU går inn for å arrangere eit trusspråkkurs 10.-11.mars 2017. Alversund sokn er interessert i å samarbeide om kurset. Ommund Rolfsen og Kjetil Sigerseth frå NaMu vil vere med som kurshaldarar og ei husgruppe vil ta på seg det praktiske ansvaret. Kurset skal knytast tett til husgruppearbeidet, om gruppene vil det.

**Sak 000035 Avslutning for Steinar S. Skauge**
Det er planlagt siste gudsteneste med Steinar S. Skauge 22.januar. AU foreslår å ha ein utvida kyrkjekaffi på Møteplassen som ei avslutningsmarkering i tillegg til det som vert gjort i gudstenesta. Det bør avklarast kven som tek ansvaret.

**Sak 000036 Søknader om OVF-midlar**
*Kyrkjeverja orienterte om årets søknader.*

**Sak 000037 Diakonimøte utsett frå november til 2017.**
*Forslag til datoar frå soknerådet 25januar eller 1.februar.*

**Ny meldingssak** **Medarrangør på Solveig Leithaug-konsert 7.mars?**
*Soknerådet har fått spørsmålfrå FIM, saman med andre kyrkjelydar og forsamlingar om å vere medarrangør på konsert 7. mars på Frekhaug bedehus. Soknerådet er positiv til det, og vil ha ein skriftleg avtale viss det inneber økonomiske forpliktingar.*

**Ny meldingssak** **Vertskap i Nordgardsløa.**

# DEN NORSKE KYRKJA
Meland sokneråd

*Stiftinga Nordgardsløa varslar at Siren og Tor Ryland ønsker å gje seg som vertskap i løa. Dei spør om medlemsorganisasjonar eller enkeltpersonar ønskjer å ta over. Soknerådet har ein del spørsmål til kva oppgåva inneber etc, og må vite dette før ein tek stilling til saka.*

**Ny meldingssak** **Ilegging av giro i jubileumsboka**
*Når boka no snart er ferdig trykt må giroar leggast i manuelt. Regine spør ungdommar om å gjere det mot litt betaling. Avtale om dag det må gjerast ferdig blir gjort med trykkeriet.*

**Sak 016/16 Felles kyrkjeblad - vidare organisering**

*Forslag til vedtak:*
1. Meland sokneråd går inn for eit samanslått kyrkjeblad med Lygra, Seim, Alversund, Osterfjorden og Mo sokn, med lokal utside og eigne sider for Meland, samtidig som det blir fellesstoff som passar til alle sokna som er med.
2. Soknerådet set i gang eit rekrutteringsarbeid for å skaffe folk til redaksjonen lokalt og fellesredaksjon. Blir det ikkje fellesblad, har vi likevel bruk for nye folk til Kontakt-redaksjonen.
3. Ordninga med fellesblad blir foreslått prøvd ut i 2017 og 2018 og blir evaluert mot slutten av 2018. Det kan gjerne inviterast med andre sokn i denne perioden – til dømes Radøy, Lindås, Hundvin og Myking, som kjem i same fellesråd som oss frå 2020.
4.
a. Me ønskjer at ei arbeidsgruppe utarbeidar framlegg til styreform, redaktøransvar, vilkår for det økonomiske samarbeidet og eventuelle andre spørsmål og avklaringar som naturleg kjem opp i denne samanhengen. Arbeidsgruppa bør bestå av ein representant frå kvart sokn som ønskjer å delta i det samanslåtte kyrkjebladet. Sokneråda utpeikar kvar sin representant
b. Framlegg frå arbeidsgruppa, beskriven i pkt. 4a), vert lagt fram for sokneråda for endeleg godkjenning.
5. Meland sokneråd meiner at bladet sitt overskot/underskot vert fordelt mellom sokna i høve til opplaga for kvart sokn. Distribusjonskostnadar vert haldne utanfor.

*Møtebehandling:*

*Vedtak:*

Samrøysta vedtak.

**Sak 017/16 Gudstenesteliste våren 2017 til uttale**

*Forslag til vedtak:*
SR tek gudstenestelista til orientering, men ber soknepresten vurdere desse endringane:

**DEN NORSKE KYRKJA**
Meland sokneråd

*Møtebehandling:*

*Vedtak:*
SR tek gudstenestelista til orientering.

**Sak 018/16 Framlegg til offertildeling 2017**

*Forslag til vedtak:*

*Møtebehandling:*

*Vedtak:*
Soknerådet ønsker å bytte ut MF med VID Stavanger. (Misjonshøgskolen)
Ellers blir framlegget til offerliste vedteken som ho er.
Vi ønskjer at soknepresten arbeider saman med konsulent om fordeling av offerdatoar.
Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje